

## Møte i Brukarrådet 05.05.22

*Frammøtte: Monica Wegner, Else Brandsar, Nora Fosstuen ( vara for Kåre Moen)*

*Mogunn Synstnes har meldt fråvær, vara for Mogunn meldt fråfall, Odd Joar Ramstad ikkje møtt.*

### 1. Orientering renovering Skjåkhallen

orientering ved prosjektleder Jostein Kleiven

Prosjektleder orienterer om kva alternativ som er kommuedirektørens tilråding i saken, alt.2B. I dette alternativet opplyser han at det ligg inne i kalkylene at det blir tilrettelagt for eigne garderobar med universell utforming som kan skjermes ifrå resten av garderobeløysinga.

Terapibassenget er ikkje med i dette alternativet – pga for høge kostnader.

Innspel frå Kristen Haugen Dagsgard oppfordrar alle råd og utval å koma med ei høringsuttalelse med sine innspel til politikarane som endeleg skal vedta saken. Saken skal opp i kommunestyre 19. mai.

Innspel frå medlemmar om at dei er usikre om det blir teke hensyn at det blir eit basseng tilpassa for alle brukarar når saken skal vedtas av kommunestyre.

Innspel frå Brukarrådet til "Skjåkhallen rehabilitering – Oppstartsak"

- Brukarrådet ynskjer at det blir teke hensyn til at det vert basseng for alle brukargrupper.
- Med eit eige terapibassenget vil det vera tilpassa temperatur for alle brukargrupper – kaldt nok til svømming i hovedbasseng og varmt nok i terapibasseng for dei som treng ein høgare temperatur.
- Folkehelseperspektivet bør vektleggast i denne saka. Bassenget skal vera til nytte for alle brukare.
- Samfunnsøkonomisk god investering å tilrettelegge for eit terapibasseng.
- Kommunane får fleire og større oppgåver, blant anna rehabilitering, som krev at det er temperatur på 33-34 grader i vatnet. Dermed behov for eit terapibasseng.
- Brukarrådet forkaster alternativ 2B og ynskjer at alternativ 2A blir det som blir vedteke i kommunestyre.
- Høringssinnpelet blir sendt vidare til kommunestyret

### 2. Årsmelding 2021

Gjennomgå og teke til etterretning.

### 3. Møteplan 2022

Tek den forelåtte plan frå administrasjonen som ein førande plan.

Oppsette møter framover:

8. september

3. november

Om det kjem opp saker som bør behandlast før oppsett møte, kallast det inn til ekstra møter.

Sekretær legg inn i møtekalenderen på heimesida til kommuna.

#### **4. Folkevaldopplæring**

under denne opplæringa kom det fram at det kan vera gunstig om det kan etablerast eit tettare samarbeid.

Brukarrådet ber om at leiar i Brukarrådet tek kontakt med Eldreråd for å sjå på korleis ein kan få eit samarbeid på tvers av råda.

#### **5. Fylkessamling på Hamar 19. -20.mai**

Kan sende to delegater. Leiar har ikkje anledning til å stille på denne samlinga. Monica forhører seg om andre medlemmar ynskjer å delta. Leiar melder attende etter møtet at ingen av representantane i Brukarrådet har anledning til å stille, så dermed vert det ingen som stiller på årets fylkessamling.

#### **6. Velferdsteknologiprojektet**

Leiar for velferdsteknologiprojektet ynskjer å orientere om prosjektet. Dette kjem opp på saklista på neste møte.

#### **7. Innspel frå Handikaplaget**

Det har vore stilt spørsmål planar for trimrom i forbindelse med ombygging av Skjåkhallen. Dette spørsmålet har endra fokus med tanke på at Skjåk Treningssenter no er etablert, men det vert stilt spørsmål vedrørande universell utforming i lokala der Skjåk treningssenter held til. Det blir opplyst om at det ved kommunal eigedom kan ein få tilskot til tilpasning til universell utforming og tilrettelegging for funksjonshemma, men det er usikkerhet om dette er tilgjengeleg for private aktører.

Brukarrådet ynskjer å kome med innspel til viare byggetrinn på Skjåkhallen om tilrettelegging for trening for alle brukargrupper med tanke på tilskot og tilrettelegging.

Leiar tek kontakt med nokon som har kjennskap til dette for å undersøke korleis regelverket rundt denne problematikken er, og kjem attende til dette teamet på neste møte.

#### **8. Eventuelt**

Leiar Monica har ei tilleggsak – Monica ynskjer å få kjøpe ein blomster til Andrea som takk for innsatsen for Brukarrådet gjennom fleire år. Brukarrådet stiller seg enstemmig til dette forslaget.

Brukarrådet etterlyser oppmøte frå innvalgte politikare på møte i Brukarrådet og ynskjer ein kontinuitet frå politikarar og håpar at det framover kan bli ei betring framover.

